

SELSKAPSAVTALE

FOR

INDRE AGDER OG TELEMAR AVFALLSSELSKAP IKS, forkorta til IATA IKS

§ 1 SELSKAPETS FIRMA

Namnet til selskapet er Indre Agder og Telemark Avfallsselskap IKS, forkorta til IATA IKS.

Selskapet er organisert etter lov om interkommunale selskap (IKS-loven).

Selskapet har forretningsadresse i Nissedal.

Selskapet er eige rettssubjekt og skal registrerast i Foretaksregisteret.

§ 2 DELTAKARAR

Selskapet er oppretta for samarbeid mellom kommunar. Deltakarar kan vere kommunar, interkommunale selskap og fylkeskommunar. Deltakarar er kommunane Drangedal, Nissedal, Nome og Åmli. Deltakaransvaret og eigardel blir fordelt etter folketalet i kommunane. Eigartilhøvet og forpliktingane fordelar seg slik:

Drangedal	29,8%
Nissedal	10,3%
Nome	46,9%
Åmli	13,0%

§ 3 FØREMÅL

Føremålet til selskapet er å ta vare på det totale avfallet i regionen på ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarleg måte.

Selskapet skal:

- vere ansvarleg for innsamling, transport og behandling av alle avfallstyper etter lovverk og forskrifter.
- vere ansvarleg for innsamling, transport og behandling av slam frå reinseanlegg, septiktankar og lukka anlegg.
- drive informasjon, koordinering, rådgjeving og tilrettelegging av forhold vedrørende avfallsbehandling.
- ha eit mottak for grovavfall/ekstra avfall frå hushaldningar og mindre verksemder i dei deltakande kommunane etter forureiningslov og konsesjonsvilkår.
- behandle avfall på best mogleg økonomisk og miljømessig forsvarleg måte.

§ 4 INNSKOTSPLIKT

Selskapet skal etablere eit kapitalfond på 500 000 kr, der kvar eigar betalar inn eit innskot fordelt etter eigartilhøvet i §2.

Drangedal	149 000
Nissedal	51 500
Nome	234 500
Åmli	65 000

Ved opptak av nye kommunar skal innskotsplikta fordelast i tråd med forpliktingane i §2.

§ 5 REPRESENTANTSKAP

Kvar kommune skal ha 3 medlemmer i representantskapet.

Funksjonstida tilsvarar kommunestyreperioden (4 år), men varer fram til nytt representantskap er konstituert.

Det blir halde 2 ordinære representantskapsmøter kvart år seinast før 1. mai, med fastsetjing av årsrekneskapen med revisjonsmelding og styrets årsmelding, og eitt før 1. desember med fastsetjing av budsjett og gebyr.

Møteinnkalling skal skje med minst fire vekers varsel.

Representantskapet vedtar anleggsutbygging, storleik på gebyr og opptak av lån innfor dei rammer vedtektene set.

Representantskapet fastset godtgjersle for representantskap og styre, tilset og seier opp revisor og fastset godtgjersle til revisor.

Representantskapet gjer vedtak om deltaking i andre selskap og andre saker styret vil at representantskapet skal handsame.

§ 6 STYRE

Det skal veljast eit styre på seks medlemmar med personlege varamedlemmer. Alle deltakande kommunar skal vere representert i styret. Eit medlem med personleg varamedlem veljast av og blant dei tilsette.

Innkalling til møte skal skje skriftleg med 8 dagars varsel. Saksutgreiing med framlegg til vedtak skal vere med.

§ 7 REPRESENTASJON

Selskapet blir forplikta av leiar i styret.

Dagleg leiar har tilvisingsrett.

§ 8 LÅNEOPPTAK

Selskapet kan ta opp lån og pantsetje eigedommar til kapitalføremål og konvertering av eldre gjeld innfor ei låneramme på 30 mill. kr.

Styret kan fatte vedtak om opptak av lån inntil 5 mill kr når det er vedtatt i årsbudsjettet.

§ 9 FINANSIERING AV KOSTNADER

Tenestene til selskapet skal ha ein pris som dekker driftsutgifter, kapitalkostnader og fondsavsetning til investeringar.

Selskapet skal prise sine tenester basert på full kostnadsdekning, som lovpålagt.

Representantskapet fastset årlege gebyr for hushaldningskundar i årsbudsjettet.

Øvrige gebyr/prisar for tenester selskapet yter, blir fastsett av styret.

Selskapet står for innkrevjing av renovasjons- og slamgebyr der kommunen sjølv ikkje utførar denne teneste.

§ 10 INNMELDING

Andre kommunar kan slutte seg til selskapet. Representantskapet vedtek opptak av nye kommunar med 2/3 fleirtal.

§ 11 ØVRIGE BESTEMMELSAR

Denne selskapsavtala erstattar selskapets tidlegare vedtekter etter §27 i kommuneloven. For forhold som ikkje er regulert i selskapsavtalen, gjeld til ei kvar tid gjeldande lov om interkommunale selskap.

Selskapsavtala trer i kraft frå 01.01.2004.

Selskapsavtala vedtatt endra av representantskapet 16.06.2008.

Selskapsavtala vedtatt endra av representantskapet 25.04.2012.

Selskapsavtala vedtatt endra av representantskapet 30.11.2017.

Endringane godkjent av kommunestyra i eigarkommunane på følgjande dato:

Drangedal kommunestyre 23.09.08

Nissedal kommunestyre 25.09.08

Nome kommunestyre 25.09.08

Åmli kommunestyre 24.09.08